



Fjellberg Sex Kittens vant quizen. Frå venstre står Daidalos Dahle, Terje Markhus, Kristian W. Hauge, Ståle W. Hauge, Jarle Saghaug og Tore Kyrkjebø.

Festivalen har ikkje hatt nokon fulltreffar med sin tradisjonelle påskefest i natt, men leiinga er nok godt fornøgd med 300 på Dønhauglåven når ein veit at det også var fest der så seint som onsdag. Men trass i alt tevla dei to festane nok ikkje så mykje med kvarandre som ein kunne tru, det var eit atskillig meir ungdommeleg publikum i natt enn sist, Konklusjonen i natt vert at det var ny vin og tradisjonell quiz.



Den nye vinen var verkeleg ny....

Quizen hadde samla berre 10 lag og kunne ikkje måle seg med den på

Systrene Nilsen skjærtorsdag som hadde 20 lag og låg på eit høgare nivå på fleire vis.

Det galdt ikkje minst utvalet av spørsmål og redigeringa av dei. Det vart litt for mykje hulter til bulter og vanskegraden burde og vore strengare. Men valebuen Ørjan Bakke er ein trufast quizemaster som har meir å gå på hvis han skjerpar seg. Og Festidalen kan få meir ut av quizen hvis også dei skjerpar seg.

Her er resultatata:

1. Fjellberg Sexy Kittens 58
2. Bøgtomterna 54
3. Halsnøy Sexy Kittens 48
4. Damene 40
5. Påske hei hei 38
5. Slomåsane 38
7. Null poeng 37
7. Best i dalen 37
9. Påskehønso 35,5
10. Marielle pluss hjernecellene 14,5

På pluss-sida må det noterast at dei denne gongen hadde levande musikk i ein time etter quizen og det var ikkje hvilket som helst band dei hadde engasjert. Det var dei 4 Bergens-studentane som snart er for musikalske veteranar å rekne sjølv om dei berre er 24/25år gamle.



Ørjan Bakke samlar inn svar

Dei presenterte runt 15 av låtane sine med stor presisjon og det kan ikkje vera tvil om at The New Wine ligg på eit høgt internasjonalt nivå. Så har dei da også hatt suksess over store delar av verda og no er dei på veg oppover att etterat studiane har teke mykje tid.

Eit knippe av det dei spela var nye låtar under utprøving og dei representerer i høg grad ein ny, grensesprengjande vin....

Ekstra hyggeleg er det også å notera at han som traktar tangentane nærmast er for uskedeling å rekna, Geir Hermansen er sogar hyttebuar i Stølavikjo. Etter konserten hadde bandet dj-funksjonen i låven som forresten kunne ha vore betre oppvarma.



Dei kalla seg Null poeng men fekk 37. Dei seks jentene er Ashild Røstbø, Linda L. Johannessen, Linda Haga, Mari L. Johannessen, Anette Grgersen og Hege Digranes

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Nesten uskedeling: Geir Hermansen